



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar: Inge A. Johannessen
Vår: 20/5045 - 20/51979

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
24.08.2020

Ferdigattest - gbnr 190/1 og 190/2 Grøttveit

Administrativt vedtak: Saknr: 851/20
Tiltakshavar: Trond Grøttveit
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for veg på gbnr 190/1 og 190/2.

Ansvarleg søkjar har ordna med nødvendig sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, rammeløyve gitt i vedtak datert 24.01.2020, med endringar godkjend i vedtak datert 07.02.2019 og igangsetjingsløyve datert 27.02.2020. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad mottatt 05.05.2020.

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/5045

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Trond Grøttveit

Sjosidevegen 128 5914
A

ISDALSTØ

Mottakarar:

Arkoconsult AS

Postboks 103 5291

VALESTRANDSFOSSE
N